

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo

Dykkar ref:            Dykkar dato:            Vår ref: BKa            Arkiv:            Sakshandsamar:            Dato:  
B.Ka/J.lau            29.09.2014

## Høyringsvar frå Sunnfjord Energi AS – Rapporten et bedre organisert strømnett

Sunnfjord Energi AS legg med dette fram sitt høyringsvar til rapporten.

Ekspertgruppa sitt mandat har vore:

1. Gruppa skal kort drøfte kva for oppgåver overføringsnettet i Noreg må ha på lang sikt.
2. Gruppa skal vurdere kva som er føremålstenleg nettorganisering. Det skal leggest fram ein eller fleire modellar for organiseringa.
3. Gruppa skal vurdere kva som må være oppfylt og kva verkemiddel styresmaktene kan bruke for å få til ei god nettorganisering. Det skal leggest fram eit eller fleire alternative framlegg til verkemiddelbruk.
4. Det er i dag store forskjellar i tariff mellom nettselskapa. Det er eit mål å få meir harmoniserte tariffar.
5. Gruppa skal vurdere om ynskt endring i nettorganiseringa let seg gjennomføre innan 2020, og legge fram ein strategi for eventuell gjennomføring.
6. Gruppa organiserer sjølv sitt arbeid og vurderer sjølv eventuelt behov for ekstern kontakt og/eller bistand.

### Sunnfjord Energi sine hovudkonklusjonar

- Ekspertgruppa har ikkje løyst oppgåva med å gjere framlegg om harmonisering av tariffar
- Krav om Selskapsmessig og funksjonelt skille for selskap under 100 000 nett-kundar er ikkje påvist å vere samfunnsmessig rasjonelt
- DSO funksjonen må etablerast for kvar områdekonsesjon
- Sunnfjord Energi støttar at regionalnettet blir ein del av distribusjonsnettet ved overgang frå tre til to nettnivå.
- Sunnfjord Energi støttar framlegget om tilknytingsplikt
- Sunnfjord Energi er ikkje einige i å auke den konkurranseutsette delen av inntektsramma frå 60 % til 70 %
- Vi støttar framlegga om fjerning av kompetanseforskrifta, om pant i kraftleidningar, om at kjøp av tenester av administrativ art i konsern bør kunne utelatast frå konkurranse, og fritak frå dokumentavgift.

### Mål om å få meir harmoniserte tariffar

Det nasjonale målet om svært mykje fornybar energi medfører ei stor nettutbygging lokalt for nettselskap som allereie har svært høge tariffar. Ekspertgruppa tilrår ikkje separate tiltak for å oppnå meir harmoniserte tariffar, men foreslår tiltak ved å legge igjen tariffinntekter frå produksjon i regionalnettet. For Sunnfjord Energi sine kundar vil dette utgjere 462.000,- i tariffdemping på ei inntektsramme som svingar rundt MNOK 120. Dette tiltaket er eit lite bidrag i rett retning, men ikkje tilstrekkeleg.

Ekspertgruppa har ikkje løyst mandatet dei fekk om mål om meir harmoniserte tariffar. Gjeldande skilnader i tariffinga er eit uttrykk for at nett i grisgrente strom med utfordrande topografi er langt dyrare enn i urbane strom med enklare topografi og er ikkje uttrykk for god eller mindre god drift. På toppen av det kjens det urettvist at sluttrekninga for auka fornybar produksjon skal ende opp lokalt som følge av ei nasjonal forplikting. Vi kan ikkje sjå at sokalla uheldige verkningar ved separate tiltak veg opp for det openberre rettferdige ved tariffutjamning.

Vi vil også peike på at store forskjellar i tariff kan være ein brems for restrukturering av nettverksemda.

### Selskapsmessig og funksjonelt skille

Formålet med selskapsmessig og funksjonelt skille er:

- 1) Å unngå høgre nettkostnader enn naudsynt.
- 2) Å dempe ulempene kring vertikalintegreerte selskap.
- 3) Å få meir merksemd kring nettverksemda.
- 4) Å få meir transparens og hindre uheldig samanblanding mellom nett og anna verksemd.
- 5) Å gjere eigarane meir bevisste på investeringsbehov og utbyttepolitikk.

Ekspertgruppa foreslår å gjere kravet om selskapsmessig og funksjonelt skille gjeldande for alle selskap uansett storleik, med moglegheit for dispensasjonssøknad dersom ulempene er i eit klart misforhold til det ein ynskjer å oppnå for den aktuelle verksemda. Dagens regelverk set krav om dette for selskap med over 100.000 kundar.

Sunnfjord Energi AS meiner den vertikalintegreerte løysinga gjev store samdrifts- og koordineringsfordelar som det er vanskeleg å kompensere for ved å skille monopol og konkurranseutsett verksemd gjennom etablering av konsern. Forholdet til nøytralitet er allereie regulert, men det bør arbeidast for at kontrollen er effektiv gjennom klare krav og sanksjonar ved overtredelse.

Vi savnar reknestykke som grunnlag for påstanden om at selskapsmessig og funksjonelt skille for alle er samfunnsmessig rasjonelt. EU set ikkje set krav om selskapsmessig og funksjonelt skille for selskap med mindre enn 100.000 kundar. Det er ingen særnorsk grunn til å endre denne.

Entreprenøravdelinga i nettselskapet bør kunne selje sine tenester for å fange opp svingingar i arbeidsmengde. Dette er ei rasjonell utnytting av samla ressursar i systemet. Nettselskapet er tent med å ha tilgjengelige prioriterte montørressursar ved større feilrettingar og naturhendingar. Nettselskapet er også tente med at ein kan selje ut deler av ressursane når



arbeidsmengdene varierer. Vi er opne for at prisinga av slike transaksjonar vert grundig kontrollert og at det er klare føringar for korleis slik prising kan skje.

Når det gjeld tilgangen til montørressursar er det ein fordel for nettselskapet å ha kontroll på dette. Sunnfjord Energi har ei lærlingeordning for å sikre oss at vi har denne ressursen tilgjengeleg. Lærlingeordninga er ei langsiktig ordning og kritisk i dag med aldrande bemanning i energiselskapa. Slik Reitenutvalget legg opp til må ein nærast ha ei minimumsbemanning og kjøpe inn tenestene i meir krevjande periodar. Dette vil truleg vere prisdrivande og føre til auka kostnader for nettkundane våre. Vi trur at ordninga slik vi har det i dag, med at vi kan selje ut ledig kapasitet er det mest optimale for å halde kostnadene nede.

### **DSO (Distribusjonssystemoperatør)**

Ekspertgruppa meiner at det er større trong til samordning og koordinering på tvers av ulike konsesjonsgrenser og nettnivå av omsyn til rasjonelle investeringar. Dette skal gjerast gjennom å utpeike DSO-ar. Det er anbefalt at dette også skal gjelde distribusjonsnettet. Sunnfjord Energi AS har til no ikkje opplevd slike ko-ordineringsutfordringar og meiner dette er ei problemstilling det er lagt for stor vekt på. Tvert om trur vi at om eit anna selskap får mynde til å rangere alternative investeringar i nettet, kan dette skape

- 1) Eit unødig byråkrati
- 2) Friksjon i framdrift på investeringar
- 3) Tvistar
- 4) Påføre NVE ekstra belastning

Summen av dette kan føre til sløsing av samfunnet sine ressursar. Det er også eit grunnleggande prinsipp i dag at alle netttiltak skal kvile på samfunnsmessig rasjonelle vurderingar.

For utfyllande argumentasjon viser vi til vårt høyringssvar til OED datert 10.01.2014.

Vi trur difor at det ikkje er i samfunnet si interesse å avgrense antal DSO til antall KSU eller færre.

I utgangspunktet kan ordninga med DSO ha ein svært sentraliserande effekt dersom eit selskap med DSO-ansvar blir seld til ein perifer aktør og myndet følgjer med.

Sunnfjord Energi AS meiner at DSO-funksjonen i hovudsak bør ligge til den enkelte områdekonsesjonær og at dagens KSU-område vert opprettheld. DSO funksjonen vil ikkje fungere på tvers av nettselskap.

### **Frå to til tre nettnivå**

Det er foreslått at regionalnettet blir ein del av distribusjonsnettet med moglegheit til å tariffere på spenningsnivå og andre nettmessige kriterier som før. Vi har ingen innvendingar mot dette.

### **Tilknytningsplikta**

Framlegget inneber at nettselskapet skal få tilknytningsplikt heilt fram til produksjon og forbruk. Dette vil redusere fragmenteringa av netteigarar og vil være ei nasjonal forbetring. Sunnfjord Energi AS støttar framlegget.

### NVEs regulering

Ekspertgruppa si tilråding er å auke den konkurranseutsette delen av inntektsramma frå 60 % til 70 % for å stimulere til meir kostnadseffektivitet. Små endringar i dagens reguleringsmodell kan slå hardt ut på effektiviteten til enkelte nettselskap. Det kan tyde på at modellen ikkje er presis nok til å auke graden av den konkurranseutsette delen.

Sunnfjord Energi AS meiner difor at modellen ikkje er moden for dette.

Dersom denne endringa likevel kjem, vil dette krevje meir presisjon i reguleringsmodellen og må difor følgast opp med forbetringar.

Som forvaltar av kritisk infrastruktur i Noreg, må det etter vårt syn være eit sikkerhetsnett som fungerer på ein måte som tryggjar straumforsyninga. Minimumsavkastninga sikrar dette.

Ein konsekvens av at garantien vert fjerna kan være dyrare finansiering av nettutbygging. Ein garanti som sikrar selskapa mot å gå konkurs, er styrke i forhandlingar med bankane og andre finansieringsinstitusjonar.

Det skal byggast mykje nett og dei fleste nettselskap er avhengig av ekstern finansiering, anten gjennom bankforbindelsar eller livselskap. Langsiktigheit og trygg avkastning på investert kapital er viktig. Ved bortfall av garantien trur vi at interessa for kapitaltilførsel vert svekka- som då vil være ei utfordring for nettutbygginga og strukturelle endringar i Noreg framover.

### Kompetanseforskrifta

Rapporten anbefalar å fjerne kompetanseforskrifta. Ekspertgruppa meiner omsynet til tilstrekkeleg leveringskvalitet og beredskap er ivareteke gjennom beredskapsforskrifta. Formålet med framlegget til å fjerne kompetanseforskrifta er å gje selskapa moglegheit til sjølv å finne dei mest effektive løysingane og samstundes opne opp for at t.d. forsikringsselskap kan kome inn på eigarsida. Sunnfjord Energi AS støttar rapportens anbefalingar, men meiner at eigarskap til nettets infrastruktur må ligge til nasjonale eigarar for å sikre rett kvalitet på ein av landets viktigaste infrastrukturar.

### Pant i kraftleidningar

Rapporten påpeikar at reglane for pant i kraftleidningar synes forelda. Dette er også vårt syn, og vi trur det er på tide med forenkling her.

### Reglar for tjenestekjøp i konsern

Det er foreslått tiltak for å redusere moglegheit til kryssubsidiering innan ein konsernmodell. Vi støttar framlegget til ekspertgruppa om at kjøp av tenester av administrativ art bør kunne utelatast frå konkurranse. Slike tenester er ofte lagt til eit morselskap av praktiske og kostnadsbesparande omsyn, og det vil ikkje vere gunstig å konkurranseutsette desse. Små selskap har store fordelar av å kunne samle funksjonane i eit morselskap. Det kan ikkje vere meininga at vi skal få innført ei endring som medfører dyrare drift av nettselskapa.

Dersom kjøp i konsern skal skje etter konkurranse er vårt syn at det ikkje må utløyse unødig mykje byråkrati og tidsbruk. I mange tilfelle trur vi at gevinsten ved konkurranse vil vere



mindre enn kostnadene ved å gjennomføre konkurransen. Dette gjeld spesielt for dei mindre selskapa, men og dei større av nettselskapa vi har.

### Dokumentavgift

Ekspertutvalget foreslår ein tidsbegrensa periode med fritak for dokumentavgift. Vi støttar dette forslaget.

Mvh Sunnfjord Energi Nett

  
Oddvar Hatlem

-nettsjef-

  
Bjarte Kapstad

-siv.ing-

